

Trafikkulukke på Eik.

08.04.2017



Bilen tok mellom anna med seg dette tregjerdet på vegen innover.

Ein bil har køyrt utfor ved brua ved Tveitane på Eik i morgontimane i dag. Politiets operasjonssentral mottok meldinga om saka kl.7.09. Føraren er lettare skadd, og vart send til lokal legevakt. Det var utrykning av både politi og ambulanse til staden. Etter det vi kjenner til, var ikkje andre bilar involvert i ulukka.



Bilen vart ståande slik på innsida av bekken.

Bilen kom innover i retning mot Uskedal sentrum . Den har kome over i feil side, og spora viser at den har fulgt venstresida av vegen eit relativt langt stykke. På vegen tok han med seg eit tregjerde før han traff røyrrekkverket

på brua og landa på innsida av bekken. Føraren har vore svært heldig som kom frå det med lettare skade. Håkon Tørvik frå Kvinnherad lensmannskontor som var på staden, opplyser at årsaka til utforkøyringa er uklar og førarkortet vart beslaglagt, men det er ikkje mistanke om køyring i rusa tilstand.

Då uskedalen.no var på staden, var framleis politi der medan Falck var i arbeid med å jekka på plass rekkverket på brua. Viking Redningsteneste kom også til staden for å henta bilen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland